

# Styremøte i V.I.L

## Klubbhuset 24.2.2014

Desse møtte: Einar Hoel, Anders Rem, Yvonne Dale, Trond Håvoll, Inge Sunde, Ellisiv Jarvik, Nelly Ytterli, Magne Eivind Glomnes,

Saker:

### 1. Årsmøte

Det er aktuelt å start opp fresbeegolf som aktivitet i Valldal IL. Richard Moen var til stades og informerte.

Det er anlegg på Jemtegård Feriesenter. Det vert bygt ut i år slik at det vert ei bane med 18 korger. Det er fri bruk av anlegget for både aktive spelarar og gjestar på ferisenteret. For aktive som vil delta i stevner må ein vere medlem i ein klubb som igjen er medlem i Norske Amerikanske idretters forbund, avd disksport. I Langevåg er det stor aktivitet og dette er langt inn under Langevåg IL. Same organisering i Volda der fresbeegolf også er lagt under idrettslaget. Saka vert lagt fram for årsmøtet med framlegg om at Valldal IL vert innmeldt i Norske Amerikanske idretters forbund avd diskolf. I 2014 vert aktiviteten lagt til trimgruppa og Richard Moen går inn i denne med særleg ansvar for aktiviteten.

Saker til årsmøtet vart gjennomgått med framlegg til vedtak i kvar sak. I tillegg til "ordinære" saker vert det følgjande lagt fram for årsmøtet:

- Fresbeegolf, ny aktivitet
- Langrennsgruppa endrar namn til skigruppa
- Uendra medlemskontigent 2015
- Sak om kunstgras, med innstilling om å bygge ut Idavollen for inntil kr 3,5 mill, 5-ar og 7-ar bane. Finansiering frå kommune, spelemidlar og egne midlar. Eiga nemnd skal ha ansvar for utbygging.
- Sak om trakkemaskin. Skal arbeide vidare med å skaffe ny trakkemaskin. Eiga nemnd skal settast ned. Endeleg avgjerd på ekstra årsmøte seinare i år.
- Val; det meste er klart både i styret og grupper. Langrennsgruppa manglar leiar, men vi ventar til årsmøtet korleis vi skal handtere dette.

Anders får ansvar for servering på årsmøtet

## **2. Idrettshall**

Norrdal kommune har vedteke utbygging av idrettshalle og ombygging av samfunnshuset. Valldal IL er invitert til å gje uttale til dei førebelse planane. Vi har tidlegare sendt innspel til prosjektet og følgjer opp dette no.

Leiar får ansvar for å sende uttale. Det må planleggast tilstrekkeleg lagerplass, elles har vi ikkje spesielle forhold å spele inn. Vi vil også melde tilbake viktigheita av anlegget for idretten og at vi vil bidra etter beste evne. Dette kan vere både i form av arbeidsinnsats og å bidra til prosjektet med midlar, både egne og innsamla.

Valldal Samfunnshus PL har ikkje fungert etter føresetnaden på mange år. Norrdal kommune har teke over funksjonar og ansvar for partslaget. I samband med planar for samfunnshuset som no ligg føre, har kommunen teke initiativ til å oppløyse og legge ned partslaget. Valldal IL eig 30 partar i Valldal Samfunnshus PL. Styret har ikkje merknader til kommunen sitt forslag. Det skal difor stemmast for oppløysing når denne saka vert teke opp på årsmøtet i partslaget og som kommunen har kalla inn til.

## **3. Barnehagedagen**

Idrettslaget har fått spørsmål om å delta på barnehagedagen 18. mars. Dette er ein spesiell aktivitetsdag i Syltebøen barnehage. Trond Håvoll stiller frå idrettslaget.

Frivilligsentralen har invitert til førebuing av aktivitetsdag for personar med nedsett funksjonsevne. Einar møter.

## **4. Eventuelt**

To medlemmar i marknadsgruppa har trekt seg. Trond startar planlegging av marknad 14. april men må få hjelp frå styret. Må klarleggast på neste styremøte.

E Hoel  
ref